



Arkivsaknr: 2024/5290-2
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28 -NG Meny Vest AS - Meny Åsane nettsal

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. NG Meny Vest AS, org.nr. 979679971- Meny Åsane Storsenter, Åsane senter 21. 5116 Ulset vert innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 for nettsal med utlevering til kunder i Alver kommune.
2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.10.24 – 30.09.28
3. Styrar for løyvet: Tommy Aalen, f. 29.07.83
Avløyssar for løyvet: Camilla Eide Taule, f. 09.10.87
4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.
5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhalig drikk gruppe 1- nettsal med utlevering til kunder Alver kommune i perioden 2024- 2028

Bakgrunn

NG Meny Vest AS - Meny Åsane storsenter søker salsløyve for nettsal av alkoholholdig drikk gruppe 1 med utlevering til kunder i Alver kommune. Konseptet er daglegvare/supermarked med nettsal. Tommy Aalen er styrar for salsløyvet og Camilla Eide Taule er avløysar. Opningstida er frå kl. 08.00 til kl. 22.00 måndag - fredag og kl. 09 til 20 laurdag.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (Alkoholova §1- 6). NG Meny Vest AS - Meny Åsane Storsenter søker løyve for ny periode.

Ved søknad om salsløyve alkohol og nettsal må det søkast til kommunen der verksemda er lokalisert/lokalet ligg. I tillegg må det søkjast om kommunalt løyve i alle kommunar det skal utleverast alkoholholdig drikk.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløysar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkoholova §1-7 c.

Alkoholova §1- 7b - krav til vandel og alkoholova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding
Søknaden vert tilrådd innvilga.